



Sykkylven kommune

Arkiv:

JournalpostID: 25/2205-1

Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan

Dato: 20.08.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-51/25	Formannskapet	01.09.2025

Kommunal planstrategi for Sykkylven 2024-2027 - Høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vedtar formannskapet i Sykkylven kommune å legge forslag til planstrategi ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

Formannskapet - 51/25

FSK - behandling:

Samråystes vedtak: Som framlegget frå kommunedirektøren

FSKVedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vedtar formannskapet i Sykkylven kommune å legge forslag til planstrategi ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

Bakgrunn for saka

Ifølge plan- og bygningslova (PBL) skal kommunestyret minst ein gong kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein communal planstrategi. Planstrategien har som mål å skape ein felles forståing mellom kommunestyret og administrasjonen av kommunens planverk og kva planer som bør utarbeides eller endrast i valgperioden for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen.

Før vedtak av den kommunale planstrategien i kommunestyret skal det innhentast synspunkter frå statlege og regionale organer og nabokommuner. Det anbefalast at planen vert sendt på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker. Formannskapet får no saka til vurdering før høyring og offentleg ettersyn.

Saksopplysningar

Planstrategien er eit arbeidsredskap for kommunestyret, der ein priorerer planoppgaver for valperioden ut frå behov og utfordringar. Planstrategi er ikkje eit juridisk bindande dokument.

Førebels oversikt over status til politiske planar som utgangspunkt for den kommunale planstrategien var oppe som referatsak i formannskapet kommunestyret i desember 2024. Der vart det informert om at ferdigstillinga av planstrategien vart forskjøvet inn i 2025.

Utkastet til planstrategi 2024-2027 gir ei kortfatta oversikt over rammevilkår frå nasjonal og regionalt nivå, utfordringsbilde for kommunen, vurdering av dei gjeldande planane til kommunen og eit forslag til korleis ein ønskjer å prioritere planoppgåven i åra framover basert på utfordringar, behov og tilgjengelege ressursar.

Vurdering

Planar skal vere eit verktøy for kommunestyret for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen. Erfaring frå tidlegare planstrategiar er at planbehovet også må sjå til kapasitet. Planprosessar er lovstyrte og er ofte tid- og ressurskrevjande å gjennomføre. Det er planoppgåver frå førra planstrategi som framdeles er i prosess, så det er viktig ein bruker ressursane på å fullføre desse i tillegg til oppstart av nye planoppgåver. Det er i forslaget til planstrategi tatt utgangspunkt i einingane sine vurderingar av plansituasjonen fram til neste kommuneval, tilgjengelege ressursar og kapasitet.

Eit sentralt tema i kommunal planstrategi er om kommuneplanens samfunnsdel og/eller arealdelen heilt eller delvis skal reviderast. Ved sist vedtak av planstrategien vart også kommuneplanens samfunnsdel rullert. Denne vart vedtatt i 2023 og er difor ganske fersk i plansamanheng. Det blir ikkje slått fast at samfunnssdelen skal rullerast på nytt i denne planperioden, men det skal vurderast i 2027 om rulling av planen er naudsynt.

Kommuneplanens arealdel er i prosess og var våren 2025 på 2.gongs høyring. Ein jobber mot at denne kan fullførast i løpet av 2025. Kommunedelplanane for Straumgjerde og Sentrum-Ikornnes er frå 2017 og 2019. Det er vurdert at det ikkje er behov for å vurdere areala for desse planane på nytt i den politiske perioden. Det er likevel eit poeng å få samkjøyd føreseggnene til kommuneplanens arealdel og desse to delplanane, slik at ein får lik formulering av regelverket innanfor desse plangrensene. Kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vart oppstarta i 2023 som sist planstrategi la opp til. Arbeidet med denne ser ein for seg vil komme ordentleg i gang når kommunedelens arealdel er ferdigstilt. Planstrategien som no skal behandlast legg ikkje opp til ein vesentleg fornying av kommuneplanane i denne politiske perioden, då arbeidet med fleire av dei er i gang eller er framleis oppdaterte utifrå kommunen sitt behov.

Planstrategi for 2024-2027 vert lagt fram for formannskapet med tilråding om å legge forslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Etter høyringsperioden blir innspeila gått gjennom og naudsynte endringar og justeringar gjort på forslaget til planstrategi. Endelig vedtak skal gjerast i kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen vil stå for utarbeidingsa av planane som planstrategien tek føre seg. Kva økonomiske konsekvensar desse planane har må presiserast nærmare ved utarbeidning av planane.

Klima og miljøpåvirking

Kva eventuelle klima og miljøpåverknad planane i planstrategien ha må presiserast nærmare ved utarbeidning av planane.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Kristian Trandal
einingsleiar

Vedlegg:
Planstrategi 2024-2027_utkast til høyring